



Fylkesmannen
i Rogaland

Regionalt miljøprogram i Rogaland 2019 – 2022

I samarbeid med Rogaland bondelag, Rogaland bonde- og småbrukarlag, Rogaland fylkeskommune og KS.





Utgitt av Fylkesmannen i Rogaland
10. januar 2019

Publisert på heimesida til Fylkesmannen i Rogaland under landbruk og mat:
www.fylkesmannen.no/rogaland

Arkivnummer: 2019/384



1 Innleiing

Regionalt miljøprogram, RMP gir oversikt over kva regionale miljøtilskot som gjeld i Rogaland. Alle aktive landbruksføretak som oppfyller krav for tilskot kan søkje og få støtte til miljøtiltak på eigen eller leigd jord.

Programmet gir føringar for 2019 – 2022. Årleg vil styringsgruppa for RMP vurdere mindre endringar og justeringar i programmet, og kvart år vil gjeldande tilskotsordningar og tilskotssatsar bli annonsert i eit eige rettleiingshefte. Økonomisk ramme blir årleg forhandla i jordbruksoppgjeret, og jordbruksoppgjeret kan òg gi føringar for kva som skal prioriterast inneverande år.

Kwart fylke utarbeider sitt regionale miljøprogram og regionale forskrift saman med partnarskapen i fylket. I 2019 – 2022 er det regionale handlingsrommet redusert ved at Landbruksdirektoratet har gitt instruks for forskrift og utforming av tilskotsordningar. Felles mål for regionalt miljøtilskot er å:

- **redusere forureining til vatn og luft**
- **ta vare på kulturlandskap og kulturminne**
- **legge til rette for friluftsliv**
- **ta vare på biologisk mangfold.**

Dei regionale føringane for Regionalt miljøprogram er nedfelt i Regionalt bygdeutviklingsprogram.

Rogaland er eit Noreg i miniatyr. Det er nødvendig å ha eit breitt miljøprogram som fangar opp dei lokale miljøutfordringane som varierer mellom regionane.

2 Innhold

1	Innleiing.....	3
2	Innhold.....	4
3	Generelle reglar	5
3.1	Kven kan få regionalt miljøtilskot?	5
3.2	Miljøvenleg drift.....	5
3.3	Søknadsfrist og teljedato	6
3.4	Opplysningsplikt og kontroll	6
3.5	Forvaltning av regionalt miljøprogram.....	6
4	Ordningar for å ta vare på kulturlandskapet	7
4.1	Drift av bratt areal	7
4.2	Drift av beitelag	7
4.3	Beiting av verdifulle jordbrukslandskap i innmark	9
5	Ordningar for biologisk mangfald	10
5.1	Slått av slåttemyr eller slåttemark.....	10
5.2	Beiting av kystlynghei	11
5.3	Skjøtsel av biologisk verdifulle areal	12
5.4	Skjøtsel av styvingstre	13
5.5	Soner for pollinerande insekt.....	14
5.6	Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl	15
6	Ordningar for å ta vare på kulturminne og kulturmiljø.....	17
6.1	Drift av seter	17
6.2	Skjøtsel av automatisk freda kulturminne	17
6.3	Skjøtsel av enkeltstående automatisk freda kulturminne	18
7	Friluftsliv	19
7.1	Vedlikehald av turstiar i jordbrukslandskapet	19
8	Ordningar for å minske næringsavrenning til vatn	20
8.1	Fangvekstar sådd etter hausting.....	20
8.2	Grasdekt sone i åker	20
8.3	Kantsone i eng	21
8.4	Fangdam	21
9	Ordningar for å minske utslepp til luft	22
9.1	Spreiing av husdyrgjødsel ved nedfelling eller nedlegging	22
9.2	Spreiing av husdyrgjødsel med tilføringslange	23
10	Miljøavtale.....	23

3 Generelle reglar

3.1 Kven kan få regionalt miljøtilskot?

Føretak som har rett på produksjonstilskot i jordbruket

Tilskot til miljøtiltak i jordbruket i Rogaland kan bli gitt til alle føretak som driver vanleg jordbruksproduksjon på ein eller fleire landbrukseigedomar, og som er registrert i einingsregisteret. Søkarane må ha gjort tiltaka på ein slik måte at føremålet med dei ulike ordningane er stetta.

Beitelag

Tilskot til årleg drift av beitelag blir gitt til beitelaga som er registrerte i Einingsregisteret innan 31. juli i søknadsåret.

Presiseringar

Det er føretaket som disponerer arealet som kan søkje tilskot. Å disponere eit areal vil seie at føretaket sjølv må utføre eller administrere oppgåver som jordarbeiding, gjødsling, plantevern, gjerding, hausting/beiting og anna skjøtsel av arealet.

Areal og dyr som får både produksjonstilskot og regionalt miljøtilskot skal vere omsøkt av same føretak.

Tilskot som gjeld utmark skal søkjast på av det føretaket som disponerer arealet. Til dømes er det føretaket som har beitedyr som skal søkje tilskot til beite av kystlynghei. Forholdet mellom eigar og leigetakar er privatrettsleg, og dei må sjølv avtale kva regionalt miljøtilskot eventuelt har å seie for leigeforholdet.

Dersom eit føretak disponerer areal, eller har beitedyr i eit anna fylke, gjeld Regionalt miljøprogram for det fylket arealet ligg i.

3.2 Miljøvenleg drift

Det er forventa at føretak som får regionalt miljøtilskot viser aktsemd for miljøverdiar, og oppfyller regelverket på miljøområdet.

Brot på regelverk gir grunnlag for avkorting av miljøtilskotet. Det same gjer brot på forskrift om gjødslingsplanlegging og manglende journal over plantevernmidlar.



3.3 Søknadsfrist og teljedato

Søknadsfrist for regionalt miljøtilskot er samanfallande med frist for å søkje produksjonstilskot i jordbruket. Teljedato for ordningane er 31. juli. Frist for registrering av areal med miljøverdiar, merking av tursti, avmerking av tursti på kart med meir er også 31. juli. Område eller kulturlandskapselement som blir registrert etter teljedato, vil ikkje kunne få tilskot før året etter.

3.4 Opplysningsplikt og kontroll

Søkarar har plikt til å gi alle opplysningar som kommunen, Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet finn nødvendig for å forvalte ordninga. Kommunen, Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kontrollerer at utbetaling av tilskot er riktig og skjer på rett grunnlag. Kommunane vil kvart år kontrollere minst 5 prosent av søknadane.

3.5 Forvaltning av regionalt miljøprogram

Fylkesmannen fastsett ordningar og tilskotssatsar i samråd med Rogaland bondelag og Rogaland bonde- og småbrukarlag. I tillegg er deltek Rogaland fylkeskommune, KS, NLR Rogaland og ein representant frå kommunal landbruksforvaltning i styringsgruppa for RMP og SMIL. SMIL er ei forkorting for tilskotsordninga *Spesielle miljøtiltak i landbruket*. Styringsgruppa har to møte i året. Dei fastsett årleg ordningar og førebelse tilskotssatsar når økonomisk ramme for inneverande år er kjend. I tillegg fastsett dei endelege tilskotssatsar når søknadsomfanget er kjend. Styringsgruppa behandler i tillegg innspel til justeringar av RMP.

Kommunane behandler søknadar om miljøtilskot. Fylkesmannen er klageinstans for kommunale vedtak, og Landbruksdirektoratet vil behandle klager på vedtak fatta av Fylkesmannen som førsteinstans. Fylkesmannen kan i særlege tilfelle dispensere frå reglane om tilskot.

4 Ordningar for å ta vare på kulturlandskapet

Fleire stader i Rogaland er gjengroing av kulturlandskapet eit aukande problem. Det opne og varierte landskapet er svært viktig for trivsel og busettnad. Reiselivet tener også på opne og vakre kulturlandskap. I Regionalt miljøprogram er det valt å gi tilskot til areal som er særleg utsett for gjengroing, og til utvalde område som er viktig av omsyn til turisme eller har særlege kulturhistoriske verdiar.

4.1 Drift av bratt areal

Det blir gitt tilskot til bratt jordbruksareal for å halde areala i hevd og for å halde kulturlandskapet opent. Tilskotet blir gitt til jordbruksareal (fulldyrka areal, overflatedyrka areal eller innmarksbeite) som har ei helling på 1:5 eller brattare. Det er den som søker produksjonstilskot på arealet som skal søkje miljøtilskotet. Beiting aleine er ikkje nok for å få tilskot. Søkarar må aktivt skjøtte arealet gjennom t.d. slått, ugrashandtering, gjødsling m.m.

- Arealet må haustast anten ved slått eller beite, og må drivast slik at det har normal fôrkvalitet og produksjon.
- Søkarane må ha minst 15 dekar bratt innmarksbeite for å ha krav på tilskot til innmarksbeite.
- Tilskot til bratt fulldyrka og/eller overflatedyrka areal blir gitt frå første dekar.

Førerebels sats: 82 kr per dekar

4.2 Drift av beitelag

Beitelag kan søke tilskot. Nytt er at tilskotet nå blir utmålt på grunnlag av dyr som er sleppt på utmarksbeite. Beitelaget skal vere registrert i den kommunen der størstedelen av beiteområdet ligg. Viss laget beiter i fleire kommunar, så må kommunane saman avgjere kva som er rett registreringskommune. Første året beitelaget søker skal dei sende kopi av vedtekten og kart over beiteområdet til kommunen.

Søknaden skal gå til kommunen beitelaget er registrert i. Andre fylke kan ha andre satsar for drift av beitelag.

Nyregistrerte lag skal ha minst 5 medlemmer og 300 småfeeiningar. Minstekrav for eksisterande lag er 3 medlemar og 150 småfeeiningar. Ordninga gjeld for sau, geit, hest og storfe. Laget må organisere felles beitebruk på utmark i minimum 6 veker i sommarhalvåret.

I tillegg er det følgjande krav:

- ✓ Laget skal ha eigne reglar og eit styre valt av medlemene i laget.
- ✓ Laget skal vere ope for brukarar som har tilgang til utmarksbeite i eit område der samarbeid kan fremje bruk av beiteområda.
- ✓ Laget skal bruke alle tilskot til laget til å fremje den organiserte beitebruken i området gjennom felles tiltak.

- ✓ Laget skal organisere effektivt og forsvarleg tilsyn og sinking av eigne og andre sine dyr i laget sitt område, tilpassa lokale forhold. Beiteområdet skal inspiserast minst ein gong kvar veke, slik at unormale tilhøve blir oppdaga og nødvendige tiltak blir sett i verk.
- ✓ Laget skal samarbeide med tilgrensande lag når det kan effektivisere ressursbruk og utnytting av beita. Dette gjeld særleg sinking og ettersinking.
- ✓ Laget skal notere på fastsett skjema opplysningar om gjennomført tilsyn (dato, tilsynsrunde, unormale tilhøve i beiteområdet og tiltak som er sett i verk). Fylkesmannen og kommunen kan i særlege høve be om å få lagt fram denne dokumentasjonen.

Førerebels sats: 22 kr per dyr



4.3 Beiting av verdifulle jordbrukslandskap i innmark


Det er mogleg å søke tilskotet i desse områda:

- **Suldal kommune:**
 - Littlehamar
 - Klungtveit
 - Mokleiv
 - Lali
 - Hamrebø
- **Lysefjorden:** Gjeld jordbruksareal øst for Lysefjordbrua
- **Bjerkreim kommune:**
 - Dyrskog ved Ørsdalsvatnet

Tilskotet blir gitt til beiting av jordbruksareal (fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite).

Førerels sats: 375 kr/dekar

Ordninga er endra frå 2018 då det blei opna for å utmåle tilskot per dekar innmarksbeite. Jordbruksareala må vere i god hevd og godt skjøtta for å kvalifisere for tilskot.



5 Ordningar for biologisk mangfald

Jordbruket er viktig for å ta vare på biologisk mangfald. Nokre av dei mest trua artane finn vi i det uggjødsela beitelandskapet. Målet med regionalt miljøtilskot er å legge til rette for frivillig skjøtsel av viktige naturverdiar i Rogaland. Ein særleg posisjon har kystlyngheia. Nytt frå 2019 er at det ikkje er krav om skjøtselsplan for å få tilskot. I staden er det utarbeidd skjøtselsråd under kvart tema. Søkarar må kunne gjere greie for korleis skjøtselen har vore, og skjøtselen må vere slik at føremålet med ordninga er setta.

5.1 Slått av slåttemyr eller slåttemark

Slåttemyr og slåttemark er rester etter dei historiske driftsmetodane utan tilgang på kunstgjødsel. Naturtypane er svært sjeldne i Rogaland, og i Noreg. Dei er artsrike og mange trua karplanter er knytt til desse områda. Både slåttemyr og slåttemark treng tilpassa skjøtsel for å kunne bli bevart. Tilskotet utmålast per dekar, og arealet må vere registrert i Naturbase som svært viktig, viktig eller lokalt viktig for å utløyse tilskot.

Skjøtselsråd for slåttemark:

- ✓ Ingen bruk av kjemiske plantevernmidlar, mineralgjødsel eller husdyrgjødsel.
- ✓ Slå arealet etter at dei viktigaste blomane har avblomstra, normalt i juli – august.
- ✓ La graset ligge i 2 – 4 dagar etter slått, men fjern det frå slåttearealet etterpå.
- ✓ La området gjerne bli beita om hausten

Skjøtselsråd for slåttemyr:

- ✓ Ingen bruk av kjemiske plantevernmidlar, mineralgjødsel eller husdyrgjødsel.
- ✓ Slå med eitt eller fleire års mellomrom avhengig av veksten.
- ✓ Slå på seinsommaren slik at plantane får sett frø før dei blir slått, og fjern graset.
- ✓ Bruk lette maskinar slik at det ikkje blir køyreskader
- ✓ Området kan beitast om hausten, men unngå beiting som fører til opptrakking av myra.

Førerels sats: 1200 kr per dekar



5.2 Beiting av kystlynghei

Kystlyngheia er utvikla i yngre steinalder gjennom at områda blir svidd og tatt i bruk som beite. Endra driftsformer med mindre beite i denne typen landskap, gjorde at dei store samanhengande lystlyngheiane var i ferd med å forsvinne. I 2015 blei kystlynghei definert som utvald naturtype, noko som betyr at den er av stor nasjonal verdi. Rogaland er det fylket med mest registrert kystlynghei, og det har sidan innføringa av regionalt miljøprogram i 2005 blitt arbeidd systematisk for å stimulere til bruk av desse områda.

Tilskotet blir utbetalt per dekar. Det er den som har beitedyr, og som aktivt skjøttar området som skal søke tilskotet. Kystlyngheia må vere registrert i Naturbase, og det blir gitt ulik sats per dekar etter verdsetting i Naturbase; Svært viktig (A), viktig (B) eller lokalt viktig (C).

Skjøtselsråd for kystlynghei:

- ✓ Ingen bruk av kjemiske plantevernmidlar, kalk, mineralgjødsel eller husdyrgjødsel.
- ✓ Kystlyngheia må beitast og beitetid/beitetrykk må vere tilpassa tilstanden til kystlyngheia.
- ✓ Beiting i skuldersesongane er nødvendig. Berre sommarbeite på etablert lyng vil ikke vere tilstrekkeleg. Etablert lyng må beitast i minst 8 veker.
- ✓ Rett etter brenning er sommarbeitning viktig. I desse områda må ein vere forsiktig med dyretal og beitetid slik at lyngen får reetablere seg.
- ✓ Kva som er «rett» dyretal per dekar vil variere. Teikn på for høgt beitepress er mykje gras, fråvær av lyng og tråkkskader. Teikn på for lågt beitepress er treoppslag og forgubbing av lyng.
- ✓ Beiting med fleire dyreslag på same område er gunstig.
- ✓ I område utan gjerde mellom innmark og kystlynghei vil dyra veksle mellom innmark og utmark. Her er utfordringa å sikre god nok avbeiting av kystlyngheia. Beitinga i kystlyngheia vil avhenge av førtilgang og beitetid. Slikkestein og ulik alder på lyngen vil påverke beitemønsteret til dyra, og ulike dyreraser kan ha ulikt beitemønster. Det er kvaliteten på kystlyngheia som avgjer om slike område kvalifiserer til tilskot.
- ✓ Brenning er ein del av normal skjøtsel. Områda bør ikkje brennast oftare enn kvart 10. år eller når lyngen om lag 30 – 40 cm høg. I store samanhengande område bør ein søke å brenne avgrensa område om gangen.

Førerebelse satsar:

Svært viktig (A):	60 kr/dekar
Viktig (B):	40 kr/dekar
Lokalt viktig (C):	10 kr/dekar

Tilskotstak for beiting av kystlynghei er 50 000 kr/føretak.

5.3 Skjøtsel av biologisk verdifulle areal

I Rogaland er tilskot til skjøtsel av biologisk verdifulle areal avgrensa til naturbeitemark og hagemark.

Naturbeitemark er grasmark som er påverka av lang tids beite. Naturbeitemark skiljast frå meir intensivt utnytta eng ved at dei ikkje er pløgd, tilsådd eller gjødsla utanom det dyra legg ifrå seg. Dei er verdifulle område då dei er artsrike, og viser historisk beitebruk. Engkvein og gulaks og smyle er viktigaste grasslag. Karakteristiske innslag er markfrytle, kystmaure, tiriltunge og blåklokke, sveve-artar. På rikare mark kusymre og vårmarihand. Av raudlisteartar finst solblom og ei rekke beitemarksoppar.

Hagemark, ofte kalla hamnehage, er beitemark med tre. Trea kan vere styva. Har du hagemark med styvingstre kan det gis tilskot per dekar for å beite området, og tilskot per tre for å skjøtte styvingstrea.

Tilskotet blir gitt til beiting for å hindre attgroing. Hagemarkene har ofte eit rikt arts mangfald, og er vakre element i kulturlandskapet.

Areala må vere kartfesta i Naturbase for å kvalifisere for tilskot. Naturbeitemark må ha verdi Svært viktig (A), og hagmark må ha verdi svært viktig (A) eller viktig (B)

Skjøtselsråd for naturbeitemark og hagmark:

- ✓ Ingen bruk av kjemiske plantevernmidlar, mineralgjødsel eller husdyrgjødsel.
- ✓ Områda må ikkje bli for intensivt beita. Det viktigaste er å regulere beitetetrykket.
- ✓ Teikn på for hardt beite: beiteskadar på tre, tråkkskadar, snaubeita område med berre gras.
- ✓ Teikn på rett skjøtsel er eit urterikt beite med innslag av beitemarksopp.

Førebels sats: 50 kr/dekar

Tilskotstak for skjøtsel av biologisk verdifulle areal er 50 000 kr/føretak.



5.4 Skjøtsel av styvingstre


Frå 2019 blir det berre utbetalt tilskot for det året trea blir styva. Tidlegare var tilskotet årleg. Med styving meines i denne samanheng beskjering av nye skot på etablerte styvingstre. Dei som ønskjer å etablere nye styvingstre vil berre få tilskot dersom desse erstatter eldre styvingstre som dør. Dei nye trea må inngå i eit miljø med eldre styvingstre.

Skjøtselsråd for styvingstre:

- ✓ Normal styvingsintervall er 5 – 8 år.
- ✓ Kapp greinene et par cm over førre styvingsspor.
- ✓ Lag eit spor på baksida av greina på førehand slik at ikkje barken blir flerra av under kappinga.
- ✓ Kapp slik at vatnet renn av kappflata.
- ✓ Område med styvingstre kan med fordel beitast.
- ✓ **Tenk sikkerheit!**

Restaurering av eldre tre og etablering av nye

- ✓ Trea skal kappast over beitehøgda til husdyr, ca. 2 – 2,5 m over bakken.
- ✓ Vær forsiktig ved restaurering av eldre styvingstre. Start med å rydde området og fristill styvingstrea slik at dei får meir lys og mindre konkurranse frå annan vegetasjon. Fordel gjerne fristillinga over 3 – 6 år.
- ✓ I eit område med restaurering av mange styvingstre bør ein la nokre tre stå urørt og heller etablere nye. Dette fordi mange truleg ikkje vil tolle restaureringa.
- ✓ Gjer restaureringa på vårvinteren før sevjestiging.
- ✓ Kapp 10 – 20 cm over tidlegare kappstad dersom treet er gammalt med grov bark.
- ✓ Fjern dei avkappa greinene.
- ✓ Året etter restaurering er det ofte behov for å rydde ugras og lauvoppslag mellom styvingstrea.



Lysark frå kurs i restaurering av haustingsskog av Steinar Vatne kan vere til hjelp

Førebels sats: 500 kr/tre ved styving

Dei som vil restaurere gamle styvingstre kan ta kontakt med kommunen for å høyre om det er aktuelt med SMIL-midlar til restaurering.

5.5 Soner for pollinerande insekt

Det blir gitt tilskot til skjøtsel av soner som er viktige for ville pollinatorartar. Det kan anten vere ei sone på/ved eit jordbruksareal som aktivt blir sådd med eigna frøblandingar, eller skjøtsel av etablerte areal som har ein blanding med plantar som gir næring for pollinatørar gjennom vekstsesongen. Tilskotet blir gitt per meter sone. Bredda på sonen må vere minst to meter. Vegetasjonssone langs vassdrag kvalifiserer ikkje for tilskot.



Dei arealet som er best eigna er relativt tørre område på næringsfattig jord med god kalktilstand. Selje er særleg viktig for pollinerande insekt om våren.

Skjøtselsråd for slike soner:

- ✓ Ingen bruk av kjemiske plantevernmidlar, mineralgjødsel eller husdyrgjødsel.
- ✓ Slå arealet etter at dei viktigaste blomane har avblomstra, normalt i juli – august. Er sonene tresatt må det nyttast ljå, ryddesag og liknande.
- ✓ La plantematerialet ligge i 2 – 4 dagar etter slått, men fjern det frå arealet etterpå.
- ✓ La området gjerne bli beita om hausten
- ✓ Det er viktig å ta vare på treslag som er gode matkjelder; lind, selje, rogn, hegg m.fl
- ✓ Framande artar må fjernast.
- ✓ Dersom det blir brukt frøblandingar, må dei ikkje innehalde framande artar.

Førerebels sats: 40 kr/meter

Tilskotstak for tilskot til pollinerande insekt er 5000 kr per føretak.



5.6 Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl

Nytt frå 2019 er at det blir innført eit eige tilskot for å ta vare på vipa. Vipeordninga er ei forsøksordning i Time kommune, og vil bli følgjt tett opp av forvaltninga.


Tilskotet har fått to hovudmål 1. Legge til rette for vipe og 2. Legge til rette for våtmarksfugl.



Høg tilrettelegging. Vipe, Time kommune

Vipa treng opne areal med låg vegetasjon i hekketida. Ho hekker tidleg, i april – mai. Vipa legg egg rett på bakken, helst på jordbruksareal. Vipene samarbeider for å oppdage og beskytte seg mot rovdyr og fuglar.

Det blir gitt tilskot for å pløye opp ein sone rett ved/inntil eit innmarksbeite. Området må vere opent og ikkje tresatt. Sona må minst vere 2 dekar. Pløyninga skal vere gjort før 1. mars, og arealet må ligge urørt fram til 1. juni. Dette må vere i eit område som i utgangspunktet er attraktivt for hekking av vipes.



Illustrasjon som viser «ei stripe for vipe». Av Erik Steen Larsen

Søkere om tilskot må på våren melde frå til Time kommune at dei kjem til å søke. På den måten kan forvaltninga følge opp og vurdere om ordninga fungerer etter intensjonen.

Tilskotet gjeld i Time kommune, og det blir maksimalt gitt tilskot til 20 dekar.

Førebels sats: 800 kr/dekar

Låg tilrettelegging, beiting i våtmarksområde som grenser til verneområde.

Det er ønskjeleg å stimulere til beiting ved dei grunne, fuglerike vatna i Rogaland, som er verna som våtmarksreservat. Det blir derfor gjeve eit tilskot i avgrensa område for ugjødsla beiting med moderat beitetrykk for å syte for rett skjøtsel av viktige våtmarksbiotopar.

Det blir berre gitt tilskot til utvalde område som er kartfesta i www.temakart-rogaland.no/rmp

Skjøtselsråd for våtmarksbeiting:

- ✓ Det skal ikkje gjødslast eller leggjast tilleggsfør på tilskotsarealet med mindre det er avtalt med verneforvaltninga.
- ✓ Beitedyra skal ha tilgang til strandsona slik at denne ikkje gror til med takrøyri m.m.
- ✓ Beitetrykket må vere så høgt at området ikkje gror igjen, og så lågt at ikkje reir blir øydelagte av tråkk.

Førebels sats: 400 kr/dekar



6 Ordningar for å ta vare på kulturminne og kulturmiljø

I Rogaland finst det i dag om lag 20 000 automatisk freda kulturminne (det vil seie kulturminne eldre enn 1537 e.Kr). Kulturminna er ein viktig del av kulturarva vår. Gjennom Regionalt miljøprogram blir det gitt tilskot til å skjøtte kulturminne knytt til jordbruksareal, og for at det i drifta av arealet blir tatt ekstra omsyn.

Mjølkeproduksjon på seter er ein viktig del av jordbrukshistoria i Noreg. I Rogaland er denne driftsforma lite utbreidd. Med jordbruksoppgjeren 2018 kom det krav om tilskot til mjølkeproduksjon på seter, og tilskotet blei gjeninnført i Regionalt miljøprogram etter å ha vore ute i fleire år på grunn av ingen søknadar. Vi håper miljøtilskotet kan føre til at fleire vil vurdere driftsforma.

6.1 Drift av seter

Det blir gitt tilskot til drift av enkeltseter med mjølkeproduksjon. På setra må det vere produksjon av ku- eller geitemjølk for eigen foredling eller levert til meieri. Produksjonsperioden må vere minst seks veker per sesong. Det gis ikkje tilskot til nyetablerte setre. Det må vere ei seter som det historisk sett har vore mjølkeproduksjon på.

Førerebels sats: 50 000 kr per seter

6.2 Skjøtsel av automatisk freda kulturminne

Tilskotet blir gitt per dekar automatisk freda kulturminne inkludert sikringssone. Kulturminna må ligge på, eller i direkte tilknyting til jordbruksareal (innmarksbeite, overflatedyrka jord og fulldyrka jord), og må vere synlege.



Det må vere minst 15 dekar med registrerte kulturminne for å kunne søke tilskot. Der registreringane i Askeladden også er på fulldyrka mark som kan drivast på vanleg måte, skal dette arealet trekka i frå total areal med kulturminne. Gravminne som det er gitt tilskot til gjennom ”skjøtsel av gravfelt” skal trekkjast frå arealgrunnlaget. I søknaden skal det i tillegg førast opp kor mange ulike lokalitetar det søker tilskot til.

Førerebels sats: 100 kr/dekar

6.3 Skjøtsel av enkeltståande automatisk freda kulturminne

Tilskotet blir gitt per enkeltminne som etter kulturminnelova er eit gravminne. Med gravminne meinast automatisk freda gravhaugar, gravrøyser, gravkammer, steinleggingar, kistegraver og kyrkjegardar. Gravminna kan ligge enkeltvis.

Det må vere minst 3 eller fleire registrerte synlege enkeltminne for å ha rett til tilskot. Lokaliteten gravminna ligg i må ligge på eller i direkte tilknyting til jordbruksareal (innmarksbeite, overflatedyrka jord og fulldyrka jord). Ein lokalitet i databasen Askeladden er eit avgrensa område med eit eller fleire enkeltminne.

Førerebels sats: 500 kr/gravminne

Skjøtselråd for skjøtsel av automatisk freda kulturminne:

- ✓ Det skal vere ein skånsam og aktiv skjøtsel av områda enten gjennom beiting eller ved at trer og buskar fjernast manuelt. Ryddar du bort tre skal røter stå igjen slik at kulturminne ikkje blir skada
- ✓ Store særeigne tre i området kan ein la stå.
- ✓ Det skal ikkje gravast på, eller ved eit kulturminne, og det skal ikkje fjernast masse eller torv frå området.
- ✓ Det skal ikkje køyrast på eller kloss inntil kulturminnet. Dersom det må brukast traktor eller andre tunge reiskap ved t.d. fjerning av hogstavfall skal det skje på vinteren mens det er tele i bakken.

Tilskotstak for tilskot til automatisk freda kulturminne er: 20 000 kr/føretak.

7 Friluftsliv

Gåtar gjennom jordbrukslandskapet gir gode opplevingar, og er verdifulle både for folkehelsa og befolkninga si oppleving av jordbruket. Tilskot til turstiar skal stimulere til, og gi betaling for at jordbruksføretak legg til rette for ferdsel på eigedomen. Tilrettelegging er med på å styre ferdsla til dei områda grunneigar ønskjer. Slik tilrettelegging kan vere med på å dempe konflikta mellom gardbrukarar og turgåarar.

7.1 Vedlikehald av turstiar i jordbrukslandskapet

Det blir gitt tilskot vedlikehald av turstiar som grenser til eller ligg på jordbruksareal. Turstien skal vere godt merka og eventuelt skilta i terrenget. Vegetasjonen skal haldas nede, og turstien skal vere open og tilgjengeleg. Turstien skal vere ein naturleg del av ei rundløype eller turstinettverk.

Turstien skal vere merka av på eit kart som befolkninga lett har tilgang til. Til dømes: offentleg kjent turkart (M711 eller eit anna turkart) eller på www.ut.no.

Turstiar med høg tilrettelegging er turstiar som ligg innanfor 3 km, målt i luftlinje, frå regulerte bustadfelt eller innanfor friluftsområde definert i regionalplanar som er følgt opp i den einskilde kommuneplan.

Førerebels sats: 6 kr per meter for høg tilrettelegging

4 kr per meter for låg tilrettelegging



8 Ordningar for å minske næringsavrenning til vatn

I Rogaland er avrenning frå jordbruk ei av kjeldene til at mange vassdrag ikkje har god nok tilstand jamfør vassforskrifta. Dette gjeld særleg i dei sentrale jordbruksområda på Jæren og på Haugalandet, noko som kjem tydeleg fram i [Regional plan for vannregion Rogaland 2016 – 2021](#). Planen prioriterer vassdrag, og peiker på at frivillige tiltak er viktig for å nå mål om betre vasstilstand.

Regionalt miljøprogram skal legge til rette for frivillige tiltak slik at påverknaden frå jordbruket blir redusert. Det er grovförproduksjon på 95 prosent av jordbruksarealet i Rogaland. Utfordringane her er i stor grad knytt til gjødsling og fosfortilstand i jord. Der det er open åker vil erosjon utgjere fare for tap av jord og næringsstoff til vassdrag. På [vannnett.no](#) kan alle sjå vassdraga sin tilstand og påverknadskjelder.

8.1 Fangvekstar sådd etter hausting

Fangvekstar er vekstar som blir sådd etter hausting av tidlegkulturar av grønsaker, potet eller rotvekstar for å samle opp næringsstoff og redusere jorderosjonen etter at hovudveksten er hausta. Det blir ikkje gitt tilskot til gjenlegg, det vil seie at fangveksten er hovudkultur året etter.

- ✓ Såtidspunktet må vere så tidleg av fangveksten er godt etablert før november.
- ✓ Det kan maksimalt vere 15 prosent belgvekstar i fangveksten.
- ✓ Fangveksten skal ikkje gjødslast og sprøytaast. Unnateke er sprøyting mot floghavre, hønsehirse og svartsøtvier.
- ✓ Fangveksten kan haustast ved slått eller beiting under føresetnad av at dette ikkje fører til vesentleg dårligare effekt pga. køyreskadar eller betydelege skadar etter hard beiting og tråkk.
- ✓ Arealet skal ikkje jordarbeidast før 15. februar neste år.

Førerels sats: 100 kr per dekar

8.2 Grasdekt sone i åker

Det blir gitt tilskot til å etablere og skjøtte grassoner langs vassdrag på teiger med open åker. Sona skal ligge mellom kantsonen og åkerveksten, og minst 6 meter skal vere på fulldyrka areal. Grassona skal vere fleirårig og ikkje gjødslast eller sprøytaast, og den skal haustast anten ved slått eller beite.



Bredden på den upløyde kantsona/vegetasjonsona nærmast vassdraget skal vere minst 2 meter. Det er eit krav for produksjonstilskot. Samtidig må søkerar vere merksam på at denne sona er omfatta av vassressurslova.

Førebels sats: 30 kr per meter


Søkarar må minimum ha 50 meter grasdekt sone.

8.3 Kantsone i eng

Det blir tilskot til å halde ugjødsla kantsone i eng langs vassdrag. Sona skal ligge på fulldyrka eller overflatedyrka areal og skal vere minst 4 meter brei. Bredden på den upløyde kantonsonen nærmast vassdraget skal vere minst 2 meter. Det er eit krav for produksjonstilskot. Samtidig må søkerar vere merksam på at denne sona er omfatta av vassressurslova.

Søkarar må minimum ha 50 meter kantsone.

Førebels sats: 7 kr per meter



8.4 Fangdam

Tilskot til vedlikehald av fangdammar er frå 2019 tatt ut av regionalt miljøprogram. Kommunane vil i staden inkludere reinsking av fangdammar i sine SMIL-strategiar. Kommunane kan òg gi tilskot til etablering av nye fangdammar, tørre sedimentasjonsdammar og andre hydrotekniske tiltak .

Grunneigarar som vil reinske reinseparkar/ fangdammar må difor ta kontakt med sin kommune.

9 Ordningar for å minske utslepp til luft

Rogaland har med sin store husdyrproduksjon store mengder med husdyrgjødsel til disposisjon. Det aller meste av husdyrgjødsla blir nytta lokalt og spreidd på jordbruksjorda i løpet av vekstsesongen. Tap av nitrogen til luft skjer både gjennom lagring og bruk av husdyrgjødsla. Gjennom å nytte spreieutstyr som anten legg gjødsla direkte på bakken eller skyt den ned i jorda kan tapa reduserast. I tillegg vil vasstilsetting av gjødsla betre infiltrasjonen slik at faren for overflateavrenning blir mindre.

Om lag 85 prosent av fosforet som blir tilført jordbruksareala i Rogaland kjem frå husdyrgjødsla. I Rogaland er miljøvenleg gjødselspreiing òg eit viktig tiltak for å minske næringstap til vassdrag. Av omsyn til økonomisk ramme er tilskota til miljøvenleg gjødselspreiing avgrensa til område med utfordringar med vasskvaliten.

9.1 Spreiing av husdyrgjødsel ved nedfelling eller nedlegging

Det blir gitt tilskot til spreiing av husdyrgjødsel ved nedfelling eller nedlegging. Den som søker tilskot skal ha årleg gjødslingsplan og skiftenoteringar som viser spreiedato og mengd gjødsel spreidd per dekar.

Siste spreiedato på areal det er søkt tilskot til er 10. august. Fylkesmannen kan på grunnlag av særlege klimatiske tilhøve sette seinare spreiedato.

All bruk av husdyrgjødsel på areal det blir søkt tilskot til skal vere spreidd med miljøvenleg metode.

Tilskotet blir gitt i følgjande område:

Rogaland fylke:	Areal som blir drivne økologisk
Kommunane:	Vindafjord, Tysvær, Karmøy, Rennesøy, Finnøy, Randaberg, Sola, Stavanger, Sandnes, Time, Gjesdal, Klepp og Hå

Førebels sats: 80 kr per dekar

Maksimalt tilskot til nedfelling, nedlegging og bruk av tilførингsslange er 50 000 kr/føretak



9.2 Spreiing av husdyrgjødsel med tilføringslange

Det blir gitt ekstra tilskot til dei som bruker tilføringslange ved nedlegging eller nedfelling av husdyrgjødsel.

Førerels sats: 50 kr per dekar

10 Miljøavtale

I nedslagsfeltet til utvalde vassdrag kan jordbruksføretak teikne miljøavtale for å minske tap av næringsstoff til vassdrag. Målet med miljøavtalane er å motivere bøndene til god gjødslingspraksis, til å gjere punkttiltak på eigen gard og til å halde ein grasdekt ugjødsela kantsone langs vassdrag. Miljøavtalane kan maksimalt gå i seks år. Dei første tre åra er definert som trinn 1, medan dei tre neste er definert som trinn 2.

Søkarane om tilskot må oppfylle alle elementa i miljøavtalen, og avtalen gjeld all fulldyrka og overflatedyrka areal som søkeren har i det aktuelle nedslagsfeltet. Underteikna avtale gir landbruksforvaltninga rett til å innhente og samanstille opplysningar om jorda sin fosforstatus.

Trinn 1:

Følgjande vassdrag er i trinn 1:

- Håelva utanom Tverråna (2019 – 2021)
- Skjoldafjorden (2020 – 2022)

Trinn 2:

Følgjande vassdrag er i trinn 2:

- Tverråna (2018 – 2020)
- Salteåna (2019 – 2021)
- Stangelandsåna (2019 – 2021)
- Storåna (2019 – 2021)

Førerels sats Trinn 1: 60 kr/dekar

Førerels sats Trinn 2: 50 kr/dekar

Maksimalt tilskot per føretak er 50 000 kr.

Fylkesmannen i Rogaland

Pb 59

4001 Stavanger

KU m/kalv & OKSE!

